Elevrådsmøte 17.11.2026

Tilstades:

2. steg : Olivia og Lucas

3. steg: Olav og Ella

4.steg: Herman og Victor

5.steg: Mathilde og Oliver

6.steg: Kevin og Mia

7.steg: Otilie og Patrick

Miljørettleiar Malin

Leiar og referent : Malin

Forfall : Rektor Linda

Agenda :

- **Snill er kult**
- **Snill er kult – dagen**
- **Plakat til julepyntkonkurranse med kriteriar**

- Vi starta møtet med å ynskje velkomen til elevrådsmøtet. Så tok vi ein runde kor stega fekk lufta saker dei ville ta opp. 2.steg kom med forslag om at elevrådet kunne ta i mot bussene om morgonen. Dette blei vi einige om at kunne bli vanskeleg å gjennomføre då dei fleste kjem med bussen sjølv.

- 3.steg kom med ynskje om å vere med og hjelpe i hjelpesona. Dei er veldig mange frå 3.steg som vil vere med og hjelpe. Men vi i elevrådet har i fyrste omgang blitt einige om at det er representantar frå elevrådet som er i hjelpesona då fleire vil.

- 4.klasse ynskjer kanonball og / eller fotballturnering i næraste framtid.

- 7.steg har lyst til å finne ut kor mykje dissene tålar i vekt, då dei ofte er fleire på om gongen. Dei ynskjer også at det skal kome tid på dissene. 5 minutt på dei små, og 2 minutt på dei store. Fleirtal for tid på dissene hos elevrådet. Dei kom og med forslag om fleire leiketimar, klassedyr og ynskje om å få vere på krøllgrasbana i storefri og fleire dagar med kantine-mat.

Vi snakka og om at Rolf Øvretveit frå snill er kult – prosjektet kjem på besøk etter fyrste friminutt saman med fire elevar frå Sotra vidaregåande. Han skal snakka meir om snill er kult- prosjektet, dele ut t-skjorter til 5.steg, og dei i 6. og 7. klasse som ikkje har fått + dei frå elevrådet frå 2., 3. og 4.årssteg. Han kjem også og deler ut snill er kult- refleksar til heile skulen.

Snill er kult dagen 15.april er også ein dag vi diskuterte. Vi snakka om at vi på tenkje på kva vi har lyst til å gjere denne dagen, ilag med resten av skulen. Vi blei einige om at vi etter jul og fram mot 15.april skal lage eit skikkeleg bra opplegg for skulen.

Frå 1.desember til torsdag 17.desember skal det vere julepynt- konkurranse på Spildepollen skule. I den anledning lagde vi nokre kriteriar for å i det heile tatt kunne vinna. Malin kjem rundt og leverer ut plakat med kriteriane på til klassane.

Julepynt konkurranse – kriteriar :

- ***Det må sjå ut som at det er jul. Kan ikkje vere sommarpynt eller frå andre årstider.***
- ***Mesteparten av pynten må vere laga sjølv og ikkje kjøpt***
- ***Juletema! Viktig! Fargane raud, kvit og grøn må ha vore brukt på noko av pyntinga.***
- ***Om det er pynt på vinduene, bør det kunne sjåast godt innanfrå og utanfrå.***
- ***MÅ vere noko pynt som er laga frå naturen (kongler, kvister, steinar)***
- ***Ein må ha laga ein form for snømenn og lenkjer***
- ***Heile læringsarealet må ha pynt. Både klasserom og lille- amfi.***
- ***Gjennomført pynting, ikkje for rotete.***